

Melhus mållag
v/leiar Gunnvald Bøe
Røsslyngvegen 42
7227 GIMSE

Fråsegn i samband med framlegg til endringar i Lov om stadnamn

Lov om stadnamn av 1990 fastsett at gardsnamn skal vera skrivne i samsvar med opphavleg tyding, nedervd uttale og gjeldande rettskriving. Dette gjeld også for bruksnamn som fell saman med nedervd gardsnamn. Dvs at skrivemåten av eit gardsnamn skal overstyre skrivemåten av eit bruksnamn når bruksnamnet er avleidd av gardsnamnet.

Melhus mållag meiner at den gjeldande lova har vore ein verdfull reiskap for å ta vare dei språklege og kulturhistoriske verdiane som stadnamna representerer.

Namn på gardsbruk er stadnamn som er å rekne som felleseige i lokalsamfunnet. Dei representerer ein språkleg og kulturell arv som tilhøyrrer fellesskapet.

Også namna på utskilte bruk er felleseige i lokalsamfunnet. Dei er vorte til på same vis som andre nedervde namn, og bør handsamast i høve til det. Det ville vera uheldig ”å endre lova slik at eigaren av eit gardsbruk får rett til å bestemme skrivemåten av bruksnamnet, også når det er identisk med eit nedervd gardsnamn.”

Det er viktig å skilje mellom stadnamn og slektsnamn. Da slektsnamn vart tekne i bruk (lovfesta frå 1923) vart ofte stadnamna brukte som slektsnamn. Slektsnamna er private og skal sjølvstøtt ikkje regulerast av Lov om stadnamn. Opphavleg fungerte stadnamna som ”adresser”, slik at t.d. Lars Jonson Båtnes - han var frå Båtnes i Tingvoll - vart kalla Lars Jonsson Bøe da han flytta til Bø i Åsskard. Det er altså ikkje slik at det var personar/familiar som har sett namn på garden, snarare er det omvendt.

Det ville vera uheldig ”å endre lova slik at eigaren av eit gardsbruk får rett til å bestemme skrivemåten av bruksnamnet, også når det er identisk med eit nedervd gardsnamn.”

Skrivemåten av gards- og bruksnamn er ofte frå 1600-, 1700-og 1800-talet, ofte nedskrivne av folk som ikkje kjende det lokale talemålet, i ei tid da dansk var einaste skriftspråk i landet.. Sidan skrivarane sjeldan var lokalkjende, skreiv dei det dei trudde dei høyrde, og dermed fekk vi skrivemåtar som kom til å tilsløre og forvanske meiningsinnhaldet i namnet. Som døme på dette kan vi nemne skrivemåten Torjul (og Torjulvågen) for eit opphavleg *Talggyl. Det gamle namnet har overlevd i dialektuttalen ”Tylan” og ”Tylvågen”. Skriftforma Torjul(vågen) skjuler her eit eldre namn på Talgr på den fjorden som går frå Tustna og innover til Surnadal og Todalen.. Det vil vera uhøyrte om fleire slike tilfeldige og feilaktige skrivemåtar skal bli godkjende skrivemåtar i framtida.

Det vil etter vårt syn òg vera uheldig at vi kan få skrivemåtar som ikkje vil vera i tråd med gjeldande rettskriving. Skriftformer som Høeg og Wiig bryt med norske rettskrivingsprinsipp. I moderne norsk markerer vi ikkje lang vokal med dobbel vokal, eller med ein stum e i tillegg.

Men dette var vanleg tidlegare, og vi risikerer difor å få slike skriftformer i gards- eller bruksnamn. Samstundes vil dei ”unorske” bokstavane c, q, w, x og z bli brukt i stadnamn, fordi desse bokstavane vart flittig brukt i dokument frå 1600, 1700 og 1800-talet.

Endringsframlegget vil såleis kunne føre med seg eit virvar av skrivemåtar når det er fleire bruk under ein namnegard. Same stadnamn brukt i ulike funksjonar, som på vegar, bruer, skular, kan innan eit geografisk område koma til å bli skrivne på ulikt vis. Det må vera eit mål at skrivemåten er så konsekvent som råd.

Dersom framlegget blir vedteke, kan ein ny eigar av eit bruk velje si eiga skriftlege form av bruksnamnet. Denne kan ha bakgrunn i tilfeldige dokument frå ei tid med forelda bokstavering og utan faste krav til stavemåte. Samanblanding med etternamn vil også kunne skje. Samsvaret med gjeldande norsk rettskriving kan da fort bli borte.

Melhus mållag bed om at Lov om stadnamn ikkje blir endra.

Melhus 2.september

Gunnvald Bø
leiar